



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Sissel Storebø, 5557 2317

Vår dato
24.09.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2014/11556
Dykkar referanse

Bjølve Bruk AS

5614 ÅLVIK

Rapport frå inspeksjon ved Bjølve Bruk AS 23. september 2014

Rapportnummer: 2014.050.I.FMHO

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Bjørn Midtun
Ove Gjerde
Lena Vermedal

Frå Fylkesmannen i Hordaland:
Britt Solheim
Sissel Storebø

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten omhandlar avvik og merknader frå inspeksjonen. Dersom vi ikkje får melding om faktiske feil i rapporten innan to veker etter at rapporten er motteken, er rapporten endeleg.

Fylkesmannen i Hordaland har gitt 1 merknad under inspeksjonen innan internkontroll.

Merknaden er nærare omtalt frå side 2 og utover i rapporten.

Fylkesmannen fann ingen avvik innan dei tema som vart kontrollert. Vi ser på oppfølginga etter inspeksjonen som avslutta.

Britt Solheim
senioringeniør

Sissel Storebø
Senioringeniør

Rapporten er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Kvam herad Grovagjelet 16 5600 Norheimsund

1. Informasjon om verksemda

Namn: Bjølve Bruk AS	Risikoklasse: 3
Besøksadresse: Trånavegen 91	
Postadresse: 5614 Ålvik	
E-post: bjolve.bruk@fjordbruk.no	Telefon: 56557510
Kommune: Kvam	Organisasjonsnr.: 979 724 551
Bransjenr. (NACE-kode): 03.211	Eigar (org.nr.): 979 494 009
Løyve sist oppdatert: 24. juni 2014	Siste tilsyn:

2. Bakgrunnen for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova med forskrifter blir haldne. Inspeksjonen går inn som ein del av ein lokal aksjon på akvakulturanlegga i Hordaland.

Følgjande hovudtema vart kontrollert:

- miljømål
- miljørisikovurderingar
- resipientgranskingar
- leiinga (driftsleiinga) sitt ansvar for ytre miljø
- drift og førebyggjande vedlikehald av anlegget
- avvikshandtering
- krav i utsleppsløyve

3. Oppfølging etter kontrollen

Fylkesmannen fann ingen avvik innan dei områda som vart kontrollert. Inga tilbakemelding er nødvendig. Tilsynet er avslutta.

4. Kontrollgebyr

Bjølve Bruk AS skal betale gebyr for kontrollen, jf. forureiningsforskrifta § 39-6 og e-post av 5. september 2014. Verksemda er i løyvet plassert i risikoklasse 3. Dette betyr at de skal betale 12 000 kroner for den gjennomførte inspeksjonen. Faktura blir ettersendt frå Miljødirektoratet.

5. Offentleggjing

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for ålmenta via Fylkesmannen i Hordaland sin postjournal på www.fylkesmannen.no/hordaland, jf. offentleglova.

6. Dokumentunderlag

- forureiningslova
- produktkontrollova
- forureiningsforskrifta
- avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall
- internkontrollforskrifta
- løyvet av 24. juni 2014
- dokumentasjon som verksemda la fram under kontrollen

Informasjon om regelverket finn de på www.miljodirektoratet.no og www.regelhjelp.no.

Definisjonar

- **Avvik:** brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevningen (til dømes brot på krav i forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar).
- **Merknad:** eit forhold som miljøvernstyresmaktene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

7. Avvik

Fylkesmannen fann ingen avvik under inspeksjonen.

8. Merknader

Vi har gitt følgjande merknader under inspeksjonen:

Merknad 1:

Internkontrollen til verksemda har nokre manglar

Kommentarar:

Miljømål

Verksemda har sett nokre miljømål som skal sikre at drifta ikkje medfører unødig forureining til ytre miljø. Måla kunne vore meir konkrete slik at ein veit om måla er nådde eller ikkje. Det er ikkje sett miljømål for mellom anna avfallsmengde/sorteringsgrad, energibruk og kjemikaliemengde.

Miljørisikovurderingar

Verksemda har gjennomført ei miljørisikovurdering med tidfesta handlingsplan. Denne var oppdatert 20. september 2014. Verksemda har også ei prosedyre for sitt arbeid med risikovurderingar. I denne manglar kriterium for når risikovurderinga skal oppdaterast. Dette kan vere nye arbeidsmetodar, nytt utstyr, reinseanlegg eller utviding av produksjonen.

Plasseringa av dieseltanken og tanking av diesel var ikkje risikovurdert.

Driftsoperatørene ved anlegget var ikkje involvert i arbeidet med risikovurderingane.

9. Andre forhold

Verksemda vil produsere om lag 1,5 millionar settefisk i 2014. Verksemda har fått utvida produksjonsramme i nytt løyve 24. juni 2014 til produksjon av 8,75 millionar sjø klar settefisk av laks og aure. Krav om reinsing av avløpsvatnet skal vere oppfylt innan løyvet til utvida produksjonsramme vert teke i bruk, jf. punkt 3.2.3 Reinseanlegg i løyvet. Nytt reinseanlegg av typen Hydrotech vart teke i bruk for om lag 2 år sida. Slammet som vert reinsa vert ført ut i Ålviksfjorden på om lag 50 meters djupne, medan det reinsa avløpsvatnet vert sleppt ut i overflata ved Bjølvefossen. Verksemda arbeider no med løysingar for å ta hand om slammet. Fylkesmannen ber om å bli halde oppdatert på framdrifta.

10. Bilde

Bilete teke av Fylkesmannen i Hordaland den 23. september 2014.



Ensileringskvern



Diseltank



Reinseanlegg

